



Påmelding og særlege behov

Meld på barnet ditt på kyrkja.no/tårnagentiørsta eller evt. på SMS til 905 95 410. (Skriv "Tårnagent" + namn på barnet, namn og telefonnummer til føresette og ei e-postadresse.)
Det er fint om du melder på barnet innan onsdag 29.januar.

Dersom det er noko vi bør vite for at det skal vere godt for ditt barn å vere med, er det fint om du melder frå om dette ved påmelding. Dette gjeld også allergiar o.a.

I løpet av veka før, sender vi ut program og meir informasjon til dei som melder seg på. Borna vert delt inn i grupper under samlinga.


Har du spørsmål?

**Kontakt Kristian Myklebust,
kristian@orsta.kyrkja.no eller tlf 905 95 410**



1. og 2. februar 2025

Velkommen som tårnagent i kyrkja!



DEN NORSKE KYRKJA
Ørsta sokn

Velkommen til Tårnagentsamling i Ørsta kyrkje!

Den norske kyrkja i Ørsta sokn inviterer deg som blir 9 år i år til å bli Tårnagent! Bli med å løyse spennande oppdrag og mysterium!

Laurdag 1. februar skjer det noko kjekt i kyrkja: Vi inviterer til Tårnagentsamling!

Vi skal utforske kyrkja vår, tånet og kyrkjeklokkene. Som agent løyser du oppdrag og mysterier, blir betre kjent i kyrkja, og du får eit eige agentbevis.

Tårnagentane skal gå på symboljakt i kyrkja, leite etter det forsvunne kirkesølvet og ete agentmat. Vi skal rett og slett ha ein kjekk ettermiddag og kveld i kyrkja vår! Håper du vil vere med!

(Hemmeleg kode når du kjem til kyrkja, ikkje sei det til nokon!: 1864)





Praktisk informasjon til dei vaksne

Tårnagentsamlinga er ein del av trusopplæringstilbodet i Ørsta sokn. Slik kan borna bli betre kjent med kyrkja si og den kristne trua.

Agentene bur heime, men vil vere saman både laurdag ettermiddag og søndag morgen. Tårnagentsamlinga tek til laurdag 1.februar kl 1600, og varer til kl 20. I løpet av desse timane skal vi løyse ulike mysterier og oppdrag, ha det kjekt saman og bli betre kjent i kyrkja vår!

Søndag 2.februar kl 10.30 møtast tårnagentane igjen og deltek i familiegudstenesta i kyrkja. Då er det kjekt om foreldre/føresette også vert med! Kanskje er det besteforeldre eller ein fadder som kan inviterast med til kyrkja? Gudstenesta tek til kl 11.00, og sluttar med kyrkjekaffi.

Vi sender invitasjon til alle i 2016-kullet som er medlem i Den norske kyrkja, men tilbodet er sjølvsagt ope for alle på kullet. Del gjerne informasjon med dei det kan vere aktuelt for!